



**Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane**

Møteinnkalling

Utvalg: AU i verneområdestyret for SVR
Møtested: Teams
Dato: 07.04.2022
Tidspunkt: 08:00

Eventuelt forfall må meldes snarest på tlf. 90505902. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold
----------------------------	----------------

- | | |
|----------|------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| AU 14/22 | Godkjenning av innkalling og saksliste |
| AU 15/22 | Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar |
| AU 16/22 | Orienteringssaker |
| AU 17/22 | Søknad om bygging av platting ved hytte gnr. 48, bnr. 4 Gjuvasslega. Oddmund Haugen. Valle kommune. |
| AU 18/22 | Søknad om bruk av snøscooter til frakt av ved og lavvu. Gnr. 70, bnr. 4. Arne Holskog. Valle kommune |
| AU 19/22 | Eventuelt |

AU 14/22 Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 15/22 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 16/22 Orienteringssaker



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/3298-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 28.03.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	17/22	07.04.2022

Søknad om bygging av platting ved hytte gnr. 48, bnr. 4 Gjuvasslega. Åsmund Haugen. Valle kommune.

Forvalters innstilling


Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 1.3 c, får Åsmund Haugen, gnr. 48, bnr. 4, løyve til å bygge ein platting på sør – vestre sida av hytta driftshytta på Gjuvasslega i Valle kommune. Maksimalt tillate storleik er 8 m². Maksimalt tillate høgde frå eksisterande terreng er 50 cm.

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 1.1, vert det gjeven avslag på storleik ut over 8 m² og høgde 95 cm. slik det er søkt om.

Arbeidsutvalet legg vekt på at det ikkje er platting eller veranda på driftshytta frå tidlegare og at det bør vera eit visst opning for slik tilrettelegging av utearealet. For avslag på delar av søknaden legg arbeidsutvalet vekt på at ei vid opning for slike byggetiltak vil opne for ei mengde nye kvadratmeter byggetiltak i verneområdet, og med tilhøyrande transportbehov av materialar og utstyr. Ei redusert høgde til maksimalt 50 cm. vil gjere tiltaket mindre eksponert i landskapet.



Teikning lagt ved søknaden



Bilete av hytta. Foto SVR



Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015
- Naturmangfaldlova.

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Av verneforskrifta kap.4 pkt. 1.1 går det fram kva inngrep som ikkje er lov i verneområdet. Av dette mellom anna *oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar*. Etter verneforskrifta kap. 4 pkt 1.3.c kan det etter søknad gjevast løyve til *mindre tilbygg til eksisterande bygningar*.

Tidlegare sak i same område

Søknaden har likskap med sak handsama i verneområdestyret i møte 8.11.2021, sak 33/21. Saka gjaldt søknad om veranda på ei av nabohyttene på Gjuvasslega. Verneområdestyret ettergodkjende her bygging av 5 m² stor veranda framom inngangsdør. Det var opphavelig søkt om storleik på snaue 12 m². Løyvet vart grunngeven med at verandaen var til erstatning for ein eldre veranda i dårleg forfatning. Storleik på denne hytta var oppgjeven til 60 m² BYA. I tillegg var det frå føre ein platting med storleik 3 – 4 m² føre inngangsdør på nordsida av hytta.

Nemnde sak, i tillegg til den det no er søkt om, vil danne praksis for seinare søknadar om plattingar på driftshusvære.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfoldlova (NML)

Etter § 7 i naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfoldlova leggst til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane

Kunnskapsgrunnlaget (NML § 8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), database for sensitive artsdata samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210). Kunnskap om kulturminne i området støtter seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase (www.kulturminnesok.no).



På Gjuvasslega har det vore driftetelege og støyalar sidan 1750. I dag står det til saman fire driftshytter/støylsbuer i området. I tillegg er det restar etter fleire bygningar i området. Rett nord for støylsvolden ligg ein heller nytta i samband med gjeting av krøterdrift på 1800-talet. Mellom helleren og vatnet skal det også ligge ei tuft etter ei Heiberg-hytte.

Hytta ligg i område som jamfør naturbasen er definert som sommararbeite for villrein. I praksis er område vel så viktig beiteområde gjennom vinteren. Rett nord for hytta, samt sør for Gjuvatn, er det i naturbasen merka av trekkveggar for villrein.

Eit stykke nord for Gjuvasslega er det ein lokalitet av raudlista fugl, men lokaliteten vurderast å ikkje bli råka av tiltaket.

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste». Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i NML § 9 vert difor tillagt mindre vekt i dei vidare vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (NML § 10)

Det er til saman fire driftshytter/støylsbuer på Gjuvasslegå, og saka gjeld driftshytta liggjande lengst aust på støylsvolden. Turistløypa mellom Svartenut th. og Bossbu th går eit stykke sør-aust for Gjuvasslegå. Gjennom året er det ein god del ferdsel i desse løypene. Statskog si hytte Urdalsbu ligg i nord-enden av Rosskreppfjorden vest for Gjuvatn. Urdalsbu er særleg mykje nytta i perioden juli – september. På hausten er det i desse områda mykje aktivitet knytt til sauesanking og jakt.

Gjennom året er det ein god del transport med snøscooter til driftshusvære i desse heiområda, samt til turishyttene og Statskog sine hytter. Noko av transporten går føre seg med bruk av helikopter.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (NML §§ 11 – 12)

Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket vert gjennomført på ei miljømessig god måte

Andre vurderingar

Tiltaket er isolert sett lite, men vil saman med nemnde sak frå 8.11.2021 legge praksisen for handsaming av plattingar i det vidare. Ulempa i høve til verneverdiane er generelt sett større og meir eksponert bygningsmasse, auka motorferdsel og forbigåande forstyrring i byggeperioden. Dette må då vegast opp i mot behovet for praktiske og funksjonelle driftshusvære.

Forvaltar vil tilrå at det vert gjeven ei viss opning for plattingar ved driftshusvære og praktisert slik at ein ikkje treng å finrekne på kvar einaste søknad.

Ei tilnærming kan vera å knytte storleiken på plattingen til ein prosentdel av storleiken på eksisterande bygningsmasse. Dette vil fange opp at større driftshusvære ofte har fleire brukarar av gongen. Ulempa er at dette vil gi relativt store plattingar på større driftshusvære.

Forvaltar vil tilrå at det i staden vert sett ei fast øvre grense på 8 m² inkludert platting som måtte vera i frå før. Dette gir ein opning for eit visst uteareal men samstundes gir det ei beskjeden auke i bygningsmasse, byggeaktivitet og transport. Det bør i tillegg stillast krav om at høgda frå eksisterande terreng skal vera maksimalt 50 cm. slik at den ikkje stikk seg for myke ut i omgjevnaden.



Det må presiserast at det uansett ikkje er noko automatikk i at det vert tillate plattingar på driftshyttene i verneområda. Kvar søknad må vurderast konkret og der det er ein føresetnad at tiltaket ikkje strir mot verneføremålet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig.

Konklusjon

Det vert gjeven løyve til platting føre driftshytta men avgrensa til 8 m² i storleik og med maksimal høgde frå eksisterande terreng på 50 cm.



Verneområdestyret
Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og
Frafjordheiane

Postadresse
Postboks 504
4804 ARENDAL

Besøksadresse
Setesdalsmuseet Rysstad,
Setesdalsvegen 3273, 4748 Rysstad

Kontakt
Sentralbord: +47 37 01 75 00
Direkte: +47
fmavjth@statsforvalteren.no
www.svr.no

Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/2846-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 28.03.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	18/22	07.04.2022

Søknad om bruk av snøscooter til frakt av ved og lavvu. Gnr. 70, bnr. 4. Arne Holskog. Valle kommune

Forvalters innstilling

Med heimel i naturmangfoldlova § 48 får Helle camping v/Arne Holskog løyve til å nytte snøscooter til frakt av lavvu og ved til planlagt leir i eit område mellom Den flate heii og Hestheii i Valle kommune. Løyvet gjeld for ein snøscooter og inntil to turar i perioden f.o.m 8.4.2022 t.o.m 30.4.2022. Utgangspunktet for transporten er Hellersdalen eller Jarnsverk. Godkjend køyrerute går fram av kart i vedtaket. Løyvet vert gjeven med følgjande vilkår:


- Løyvet er berre gyldig saman med kommunalt løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*.
- Om transporten går over andre sin eigedom må innehavar av løyvet sjølv hente inn samtykke frå grunneigar
- Løyvet skal alltid vera med under transporten. Før kvar tur må loggskjema fyllast ut. Skjemaet skal alltid følgje løyvet.
- Om det vert oppdaga villrein under transporten skal transporten utsettast til faren for uroing av dyra ikkje lenger er til stade

Etter kap. IV pkt. 4 i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* er det eit krav om at all ferdsel skal skje omsynsfullt for ikkje å skade natur- og kulturverdiar, forstyrre dyrelivet eller beitedyr eller vera til ulempe for andre. Med bakgrunn i denne bestemminga har tiltakshavar eit særskild ansvar for at leiren vert rigga på ein ryddig måte og at avfall vert frakta ut av området når sesongen er slutt.

Arbeidsutvalet legg vekt på at transporten er avgrensa til to turar og ei relativ kort køyrestrekning i verneområdet. Søkar driv ei reiselivsbedrift der guiding og overnatting vil kunne styrke driftsgrunnlaget. Løyvet vert førebels avgrensa til 2022. Før det evt. vert gjeven løyve for fleire sesongar, eller løyve til tilsvarande transport andre stader i verneområdet, ønskjer arbeidsutvalet å hauste erfaring frå den aktuelle saka.

Om det skulle bli eit visst omfang av søknader knytt til same transportføremål andre stader, vil verneområdestyret vurdere praksisen på nytt.

Kart over godkjend transportrute, to alternativ (grøn line). Raud line er vernegrensa.



Saksopplysninger

Arne Holskog, som driv Helle camping i Valle, ønsker å tilby kundane guida tur med overnatting til eit område sør – vest for Myklevatn i Valle. For å førebu dette har han søkt om bruk av snøscooter til frakt av ved og ein større lavvu/telt for 6 – 7 personar inn til leirplass i området Den flate heii/Heisteheii. Søkar opplys at leirplassen ligg i eit sameige der han er ein av fleire eigarar.

Det er søkt om to turar for å gjennomføre transporten. Utgangspunktet for transporten er Jarnsverk eller Nyestøyl i Heddersdalen. Sjå kart i vedtaket. Etter sesongslutt skal lavvuene etter planen lagrast under ein stor stein i området. Gjennom sesongen kan det bli aktuelt å frakte inn noko proviant med kløvhest.

Til aktuelle transportføremål har ikkje forvaltningssekretariatet tidlegare praksis å støtte seg på. Saka vert difor lagt fram for arbeidsutvalet.

Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfoldloven
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.

Heimelsgrunnlag

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vert regulert av verneforskrifta kapittel IV kapittel 5.1.a kor det heiter at motorisert ferdsel på land er forbode. Det er ikkje gjeven ein særskild dispensasjonsheimel for transport av ved og lavvu til etablering av teltleir. Saka må difor handsamast etter § 48 i naturmangfoldlova. Etter denne paragrafen kan forvaltningsmyndigheita gjere inntak frå vernevedtaket om det ikkje strid mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Kap. IV pkt. 4.1 i verneforskrifta har ei bestemming om at arrangør av større organiserte arrangement, til dømes store teltleirar, må søke forvaltningsmyndigheita om løyve. Etter forvaltar si vurdering vert ikkje oppsett av ein større lavvu råka av denne bestemminga. Etter kap. IV pkt. 4 er det uansett eit krav om at *all ferdsel skal skje omsynsfullt for ikkje å skade natur- og kulturverdiar, forstyrre dyrelivet etter beitedyr eller vera til ulempe for andre.*

Lov om friluftslivet § 9 regulerer rasting og telting i utmarka. Lova ligg utanfor verneområdestyret si myndigheitsområde. Det kan likevel nemnast at etter nemnde § 9 kan ein på høgfjellet fjernt frå bebyggelse sette opp telt utan tidsavgrensing, så lenge opphaldet ikkje fører til nemneverdig skade eller ulempe.

Vurdering

Vurdering etter naturmangfoldlova

Etter § 7 i naturmangfoldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfoldlova leggest til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane

Kunnskapsgrunnlaget (NML § 8)

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase (www.naturbase.no), database for sensitive artsdata samt frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt. Ein har og nytta kartlegging gjennomført av Norsk Villreinsenter (NVS-rapport 6/210).

Vestleg del av transportruta, samt område der leiren er planlagt, ligg i område som ofte vert nytta av villreinen gjennom vinteren. Leirområdet ligg også innanfor området som i naturbasen er definert som viktig vinterbeitområde. I sommarhalvåret nyttar villreinen desse område meir sporadisk og då i hovudsak av mindre bukkeflokkar

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste». Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget å vera tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. «Føre var prinsippet» i NML § 9 vert difor tillagt mindre vekt i dei vidare vurderingane.

Økosystemtilnærming og samla belastning (NML § 10)

Merka turistløypa mellom Tjønndalen og Øyuvsbu turisthytte går rett vest for Hestheii. I sommarhalvåret er det ein god del ferdsel i denne. Anna ferdsel i området er i hovudsak knytt til jakt og sauehald. Motorisert ferdsel er avgrensa til snøscootertransport til eit fåtal driftshusvære i området og er generelt av eit lite omfang.

Nordleg transportrute har utgangspunkt i veg Brokke – Suleskard. Vegen er open i sommarhalvåret og med om lag 85 000 køyretøy som passerer. Vegen genererer mykje ferdsel ut i terrenget, særleg i områda kring Øyuvsbu og Håhellervatn.

Etter forvaltar si vurdering er den samla belastninga moderat. Transporten har eit avgrensa omfang og ulempa er i første rekke knytt til støy av forbigåande karakter. Det er likevel viktig at ein ikkje berre ser på den aktuelle transporten isolert, men har eit langsiktig og heilskapleg perspektiv på motorferdsla i områda.

Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (NML §§ 11 – 12)

Tiltakshavar er ansvarleg for at transporten vert gjennomført på ei miljømessig god måte.

Søkar driv også med hest og eit alternativ kunne vore å frakte inn utstyret med kløvhest. Søkar meiner dette ikkje er eit godt alternativ då vedsekker og kasse med lavvu er vanskeleg å få på ein hesterygg.

Når det gjeld næringsaktivitet knytt guiding og overnatting er det naturleg at det også vert vurdert alternativ lokalisering, til dømes utanfor vernområdet der naturkvalitetane lang på veg er dei same og der restriksjonane i høve til motorisert ferdsle er mindre. Det kjem ikkje fram av søknaden kva alternativ som er vurdert. Forvaltar legg til grunn at området er vald med bakgrunn i at søkar er grunneigar i området, høveleg avstand frå veg og egna leirplass.

Vurdering etter naturmangfoldlova § 48

Omfanget av transporten er lite og vil isolert sett ikkje stri mot verneføremålet og ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Ved å innvilge søknaden opnar ein likevel for eit transportføremål det ikkje har vore praksis for tidlegare, noko som på sikt kan føre til aukande bruk av motorkøyretøy i verneområda. Til dømes kan ein sjå føre seg at fleire vil kunne ha interesse av å køyre inn telt og ved på vinterføre for bruk i samband med jakt og fiske i barmarksesongen. Om det skal gjevast løyve i den aktuelle saka må det difor settast nokre klare avgrensingar for når dette skal kunne tillatast, slik at det ikkje oppfattast som ei generell opning for dette transportføremålet.



Søkar driv ei reiselivsverksemd med eit breitt aktivitetstilbod. Fleire av kundane har etterspurt eit tilbod om guiding og overnatting i heia, og søkar ønskjer no å teste ut dette. Denne næringsmessige sida av saka skil den såleis frå andre meir tilfeldige søknadar om slik transport. Forvaltar ser føre seg at andre næringsdrivande, til dømes gardsbruk med ønskje om attåtnæring, vil ønskje å gi eit tilsvarande tilbod i andre stader. Såleis vil ein sjølv med føresetnad om at slik transport skal vera knytt til næring, kunne få auke i motorisert ferdsel i verneområdet.

Forvaltar ser føre seg at det det kan innvilgast inn til to turar med snøscooter slik det er søkt om. Førebels som ei prøveordning for 2022. Om det skulle bli eit visst omfang av søknader knytt til same transportføremål, bør verneområdestyret vurdere praksisen på nytt.

Det må strekast under at ein kvar sak må vurderast særskild i høve til konsekvensane for verneverdiane i det aktuelle området. Andre søknadar vil såleis kunne få eit anna vurdering og utfall om det er særskilde verneverdiar som skal ivaretakast.

Konklusjon

Saka gjeld eit fåtal transportar der ulempa i første rekke er knytt til støy av forbigåande karakter. Saka vil danne presedens for tilsvarande transportføremål andre stader i verneområdet. Løyve til transporten bør difor avgrensast til ei prøveordning for 2022. Om det skulle bli eit visst omfang av søknader knytt til same føremål, bør verneområdestyret vurdere praksisen på nytt.

AU 19/22 Eventuelt